



Vestre Slidre hytteforening

Saksnr.
17/385

Journalpost
21/7890

Saksbehandlar
FRAKNU

Vår dato:
04.11.2021

Kommuneplanens arealdel. Utlekking til 3. offentlege ettersyn

Kommunestyret vedtok i sak 61/21 å legge kommuneplanens arealdel ut til 3. gongs høyring og offentlege ettersyn.

Vi viser til artikkel om saka på kommunens heimeside www.vestre-slidre.kommune.no, under fanen «Kunngjering/Ettersyn». I artikkelen finn du alle plandokumenta og ei rettleing over korleis du les planen.

Dersom du ikkje nyttar internett bed vi om at du kontaktar oss, så sender vi dei mest relevante dokumenta pr. brev.

Endringar i høve 2. høyring/offentlege ettersyn

Planen var ute til 2. høyring/offentlege ettersyn i perioden 9. juni - 26. august 2021. Det er gjort ei rad endringar etter det. Den komplette oversikta finn ein ved å gå gjennom kommunestyresaka og merknadsvurderinga via artikkelen på heimesida. Vi nemner dei viktigaste:

1. Omfanget av detaljeringssoner (reguleringsplaner som skal gjelde uendra) er sterkt redusert. I staden har mange planområde fått arealføremålet kombinert bebyggelse og anlegg, som i denne planen tyder at gjeldande planer fortsatt skal gjelde, men at arealdelen overstyrer planane ma. der det er faresoner.
2. Krav om anleggsbidrag til kommunalt VA-nett for nye byggeområde for hytter
3. Område H5 har gått ut og område H30 er redusert
4. Område H60 er utvida grunna ein tidlegare feil. Område H64 er nytt, men erstattar eit regulert område som no blir overstyrt. Desse to områda gjer at det tilsynelatande er meir nye byggeområde for fritidsbustader no enn ved 2. offentlege ettersyn.
5. Føresegnene har fått restriksjonar mot bygging i myr når nye område blir regulert

Merknader og innspel til planen

Merknader og innspel til planen skal vere skriftlege. Dei kan sendast på følgjande måte

- E-post til post@vestre-slidre.kommune.no
- «Send uttalelse» i plandialog i valdreskart
- Brev til Vestre Slidre kommune, Slidrevegen 16, 2966 Slidre

Postadresse:
Slidrevegen 16
2966 Slidre

Telefon:
61 34 50 00

Direkte til saksbehandlar:
Knut.Frode.Framstad@vestre-
slidre.kommune.no

Organisasjonsnummer: 961 382 157
E-post: post@vestre-slidre.kommune.no
Internett: www.vestre-slidre.kommune.no

Vi har eit mål om endeleg vedtak av planen snarast råd etter merknadsfristen. No ved 3. offentlege ettersyn er terskelen høgare enn tidlegare for at innspel blir innarbeidde. Det gjeld særleg forslag om nye område og andre endringar som ville utløyse eit 4. offentlege ettersyn.

Grunna juleferie er det ei veke ekstra merknadsfrist ut over dei lovpålagte åtte vekene.
Fristen er sett til 5. januar 2022.

Vi oppmodar om å planlegge framdrift for merknader i god tid slik av vi no slepp utsetjingar av merknadsfristen.

Med helsing
Knut Frode Framstad
arealplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendt utan underskrift.